

Hannlaks på 15 kilo fanga av forskarane

04.11.2011



Leiar i elveigarlaget Johannes Feet med den svære hannlaksen

**I går ettermiddag kom forskartrioen Bjørn T. Barlaup, Knut Wollseth og Helge Skoglund til Uskedalselva for å hjelpe til med uttaket av rømt oppdrettslaks som snart skal gyte.**

**Resultatet vart 4 hunnlaksar og 1 hannlaks og den siste vog 15,5 kilo.**

**Truleg er dette den nest største laksen som er teke i elva ettersom den største nokon har høyrte om var 17 kilo.**

**Elveeigarlaget har også teke ut 5 fiskar og det var Tore Musland som gjorde det.**

Forskartrioen trålar no elvane og 8 mann skal rekka over 40 elvar. Difor er Arne Terje Haugland imponert over den intense arbeidsøkta dei gjennomførte i går og med resultatet.

Dei nytta harpun og var svært effektive. Haugland antar at dei 4 hunnfiskane som vart fanga hadde rundt 40.000 rogn i seg og det var viktig at dei vart fanga før gytinga. Når det galdt hannfisken var den med sin uvanlege form heilt spesiell og ikkje direkte vakker. Den var imidlertid i full gytedrakt.

1 fisk vart fanga i Bråtahølen, i i Gravehølen og 3 i Bjørkehølen - alle 3 høler er i det same område av elva.

Haugland ynskjer no opplyst at han takkar for seg etter eit langt liv som oppsynsmann i elveeigarlaget si teneste og at han no herre gjer ein jobb som følge av det gode tilhøvet til forskarteamet som han er svært imponert over..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Forskarane nyttar harpun på fisken i Bjørkehølen